

Clemens Kraft AS
Fridtjof Nansens plass 6
0160 OSLO

Vår dato: 21.01.2015
Vår ref.: 201000963-12
Arkiv: 311/092.4
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22 95 95 28 / baso@nve.no

Torvikelva minikraftverk i Vanylven kommune, Møre og Romsdal - tiltaket er vurdert ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 22.02.2010 om bygging av Torvikelva minikraftverk og synfaring 20.05.2010. Under synfaringa 20.05.2010 kom det fram at privatrettslege tilhøve knytt til rettane til å ta ut vatn frå elva ikkje var avklart. Søkjar bad NVE avvente endeleg handsaming til spørsmålet kring vassrettane var avklart. Søkjar har i e-post av 18.04.2013 bede NVE om å ta opp igjen saka då spørsmålet kring vassrettane no skal vere avklart. Det vart halde ny synfaring 22.08.2013 pga. ny sakshandsamar i NVE. Søkjar har i brev av 11.11.2013 og 11.04.2014 komme med nokre tilleggssopplysningar etter siste synfaring og ny avtale med Sibelco om uttak av vatn. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga med tilleggssopplysningar av 11.11.2013 og 11.04.2014 avgjere om utbygginga medfører slike skadar eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Clemens Kraft AS ønskjer å bygge eit kraftverk som nyttar fallet i Torvikelva mellom kote 214 og kote 27. Sjå vedlegg 1 for oversikt. Nedbørfeltet er 3,7 km² med middelvassføring på 274 l/s. Røyrkata vil gå på nordsida av elva og vert omlag 730 meter lang. Røyrkata vert 500 mm i diameter og vil bli grave ned på heile strekninga. Det er to alternativ for plassering av kraftstasjon. Alternativ 1 er planlagt til kote 23, like nedanfor kommunal veg. Alternativ 2 er planlagt til kote 27 ovanfor kommunal veg, i kanten av eksisterande sandtak. Etter synfaring med tilbakemelding den 11.11.2013 vert det primært søkt om å plassere kraftstasjonen på kote 27 (alt. 2). Kraftverket er planlagt med installert effekt på 935 kW og maksimal slukeevne 685 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 2,3 GWh. Krafta blir ført ut via ein 250 m lang jordkabel til eksisterande 22 kV line og netstasjon på Torvik. Det skal ikkje byggjast nye permanente vegar i samband med tiltaket, berre ei kort avkjørsle frå kommunal veg til kraftstasjonen. Det skal nyttast helikoptertransport ved bygging av inntaksdam. Tilkomst til inntaket i driftsfasen skal skje med ATV. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 23 l/s heile året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Torvikelva kraftverk - hovuddata			
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alternativ
Nedbørfelt	km ²	3,7	
Middelvassføring	l/s	274	
Alminneleg lågvassføring	l/s	23	
Planlagt minstevassføring	l/s	23	
KRAFTVERK			
		Hovudalternativ (alt. 2)	Alternativ 1
Inntak	moh.	214	214
Avløp	moh.	27	23
Volum på inntaksmagasin	m ³	1000	1000
Lengde på aktuell elvestrekning	m/km	730	730
Brutto fallhøgde	m	187	191
Slukeevne, maks	l/s	685	685
Slukeevne, min	l/s	68,5	68,5
Installert effekt, maks	kW	935	935
PRODUKSJON			
Produksjon, årleg middel	GWh	2,3	2,3

Høyring

Meldinga er sendt Vanylven kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal på høyring. Dette var rekna som tilstrekkeleg for meldingar på høyringstidspunktet. NVE har motteke følgjande uttalar:

Vanylven kommune har i brev datert 08.03.2010 uttalt følgjande:

«Viser til vedlagte plankart — godkjent i 1994 og forslag til ny arealplan som er under arbeid. Slik gamal og ny plan skisserar er det ikkje noko i planstatus som får verknad for gjennomføring av prosjektet. Vanylven kommune tek atterhald om at det kan verte merknadar til prosjektet når det kjem til uttale hjå kommunen.»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttaler følgjande i brev datert 09.04.2010:

«Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Biologisk mangfald

Det er ikkje registrert rødlisteart i tiltaksområdet. Eit hekkeområde for fjellvåk ligg aust for Bjørdalsvatnet. Det er lite truleg at dette blir påverka i nemneverdig grad. Det er imidlertid grunn til å tru at redusert vassføring i Torvikelva vil redusere hekketilhøva for fossefall.

Fisk

Torvikelva inneheld aure. Gyteområda er konsentrert frå utløpet av Vikevatnet og ei kort strekning nedstraums, og i eit område i elva til Bjørvikvatnet. Ingen av desse vil bli påverka av tiltaket.

Minstevassføring

Det må bli vurdert å slippe minstevassføring større enn alminneleg lågvassføring, spesielt om sommaren. Eit slikt tiltak vil kunne sikre betre tilhøva for fossefall, trygge leveområde for aure og bunndyrfauna i vassdraget. Vidare vil auka minstevassføring bidra til å oppretthalde fuktregimet som er avgjerande for det biologisk floramangfaldet langs elva.

INON

Omsøkte anlegg er ikkje lokalisert innanfor inngrepsfrie område. Inntaket vil bli om lag 600 m frå inngrepsfritt område sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep), som vil få ein arealreduksjon på ca. 0,145 km² (rødt område). Øvrige INON-soner vil ikkje bli endra.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi vurderer at Clemens Kraft KS sitt anlegget vil å få liten verknad på allmenne interesser og på biologisk mangfald i området. Prosjektet treng ikkje særskilt vurdering i høve til lov om laks og innlandsfisk.

På denne bakgrunnen finn vi ikkje grunn til å tilrå konsesjonshandsaming.»

NVEs vurdering

Ei vurdering av konsesjonsplikt i medhald av § 18 i vassressurslova skal vere ei enkel førehandsvurdering ut frå føreliggjande informasjon. Positiv nytte er ikkje ein del av vurderinga. Dersom tiltaket kan vere til nemneverdig ulempe for allmenne interesser, vil det vere naudsynt å konsesjonshandsame vassdragstiltaket.

Torvikelva har eit nedbørfelt på 3,7 km² og middelvassføringa ved inntaket er på 274 l/s. Alminneleg lågvassføring er oppgjeve til 23 l/s og planlagt minstevassføring er 23 l/s. Dette er i samsvar med vassressurslova § 10 som set krav om minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring.

Planområdet er betydeleg påverka av inngrep. I nedre del er kraftstasjonsområdet omkransa av dyrka mark, grusuttak, lokal veg som kryssar elvelaupet i fylling, landbruksveg og busetnad. Like nedanfor utbyggingsområdet kryssar riksveg 61 (RV61) elva. I dette området kryssar også høgspennett og lokalt straumnett. Industriverksemda Sibelco Nordic AS ligg like sørvest for tiltaksområdet.

Torvikelva er omkransa av tett skog gjennom heile planområdet. Nedst dominerer lauvskog, høgare opp er det tette plantefelt med gran i veksling med bjørkedominert lauvskog. Like oppstraums inntaket opnar terrenget seg og vert meir og meir skoglaust fram mot Vikevatnet. Her dominerer vide røsslyngheier og myrområder. Torvikelva ligg til dels nedskoren i landskapet og er ikkje synleg før du kjem tett innpå. Elva renn med jamt fall på den planlagt utbygde strekninga, men er brattast i nedre del. I nedre del av elva, ned mot planlagt kraftstasjon, er det eit parti med stryk og fossefall som er noko synleg frå RV61. Tett skog kring elva gjer til at elva ikkje utgjer noko eksponert element i landskapet. Frå fjorden tek industriområdet til Sibelco Nordic AS all merksemd. NVE vurderer at tiltaket i liten grad vil påverke landskapsbiletet.

Det er lite friluftsiinteresser knytt til tiltaksområdet. Det går ein enkel sti opp langs nordvestsida av elva mot Vikevatnet, denne stien vert lite nytta. Det går elles veg opp til Vikevatnet frå nordsida og sti frå bustadfeltet like sør for Torvikelva. Frå bustadfeltet går det også stiar til fjellområda søraust for tiltaksområdet, med turmål som Vedahornet (496 moh.) og Storehornet (609 moh.). NVE vurderer at utbygginga ikkje vil medføre spesielle negative konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv.

Det er aure i Torvikelva, men det vert ikkje utøvd fiske på den aktuelle elvestrekninga. Gyteområda er konsentrert frå utløpet av Vikevatnet og ei kort strekning nedstraums. Gyteområda vil ikkje bli påverka av tiltaket. Sjøaure kan vandre opp i nedre del av Torvikelva. Tidlegare kunne sjøauren vandre opp til

ca. kote 23. I dag er det uvisst om auren klarar å passere vandringshinderet nedstraums RV61. Tiltaket ligg like ovanfor anadrom strekning. NVE vurderer at elvestrekninga har avgrensa verdi for fisk og fiskeinteresser. Like nedstrøms kraftstasjonsplasseringa kjem det inn ein relativt stor bekk, som etter NVE si vurdering vil tilføre elva tilstrekkelig med vatn til at situasjonen for fisk nedstraums kraftstasjonen ikkje vil vere kritisk dersom kraftstasjonen skulle få ein plutselig stopp. NVE vurderer at allmenne interesser knytt til fisk ikkje vil bli nemneverdig påverka av det planlagde kraftverket. Av dei to alternative plassering av kraftstasjon, er alternativ 2 det beste ved at det påverkar ei noko kortare elvestrekning, elles er begge alternativa akseptable.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. nml § 8. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Søk i Naturbase og Artskart (07.01.2015) viser ingen registreringar av raudlista artar eller viktige naturtypar i influensområdet til det planlagde kraftverket. Det er gjort undersøking av biologisk mangfald i samband med det omsøkte prosjektet. Av naturtypar vart det registrert naturtypen «bekkekløft og bergvegg» mellom ca. kote 35 og 75 i Torvikelva. Det vart ikkje registrert sjeldsynte artar knytt til naturtypen. Lokaliteten vert opplyst til å vere svakt utvikla og betydeleg påverka av terrenginngrep. Naturtypen er gitt lokal verdi (C-lokalitet). Elles er fossefall truleg knytt til vassdraget utan at konkrete observasjonar er kjent.

I rapporten over biologisk mangfald vert det elles under avbøtande tiltak skrive at det bør vurderast å sleppe noko meir minstevassføring i Torvikelva om sumaren. Større minstevassføring vil betre tilhøva for fossefall, trygge leveområde for aure og bunndyrfauna i vassdraget, samt oppretthalde fuktregimet for floramangfaldet langs elva. Fylkesmannen nemner også dette i deira uttale. Som avbøtande tiltak blir det også foreslått å sette opp rugekasser for fossefall i fossefall som får fråført vatn. NVE vurderer at minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, saman med tilførsle frå restfeltet, er tilstrekkeleg med tanke på å sikre dei verdiane som er registrert. Det bør vurderast å setje opp rugekasser for fossefall i/ved utløpskanal frå kraftstasjon og ved bruer eller andre overheng knytt til vassdraget. Når det gjeld verknader av tiltaket vert det i rapporten konkludert med at utbyggingsplanane samla vil ha liten negativ konsekvens for biologisk mangfald langs Torvikelva. NVE er samd i denne vurderinga

Med bakgrunn i informasjon frå meldar, høyringsuttalar, eigne søk i databasar, synfaring og eigne erfaringar vurderer NVE kunnskapsgrunnlaget å vere tilstrekkeleg til å vurdere konsesjonsplikt, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og skade på naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at allmenne interesser knytt til biologisk mangfald skal bli nemneverdig negativt påverka av det planlagde tiltaket.

Industribedrifta Sibelco Nordic AS (mineralutvinning) tek ut prosessvatn frå Torvikelva. Vassuttaket ligg ca. på kote 100. Uttak av vatn er etter det NVE kjenner til ikkje vurdert etter vassressurslova eller tidlegare vassdragslov. Uttaket skjer sporadisk og er i følgje bedrifta mest knytt til periodar med mykje støv frå utvendig lager av råstoff, det vert ikkje opplyst kor mykje vatn som blir nytta. Vatnet vert tatt ut via røyrgate som ligg på nordsida av elva. Røra ligg i dagen ned det brattaste partiet ned mot planlagt kraftstasjon. I samband med planar om utbygging av Torvikelva minikraftverk er det inngått avtale med Sibelco om retten til uttak av vatn. Vatnet skal no takast ut ved planlagt kraftstasjon og vil sikre at minstevassføringa i Torvikelva ikkje vert påverka. Vi viser til avtale datert den 03.04.2014 punkt 2 som seier følgjande:

«2. RETT TIL UTTAK

Sibelco gis rett til uttak av prosessvann fra et inntak ved kraftstasjonen i Torvikelva. Uttaket anordnes på en slik måte at prosessvannet opprettholder et trykk som tilsvarer høydeforskjellen mellom kote 90 og det nåværende produksjonsstedet til Sibelco. Tidspunkt for og volum av uttak skal skje etter Sibelcos behov. Volumet skal måles og loggføres. Uttaket av vann skal under ingen omstendighet gå på bekostning av den minstevannføringen NVE fastsetter på den aktuelle fallstrekningen i Torvikelva.»

Tiltakshavar opplyser at når ny løsning med vassuttak til Sibelco er på plass vil dei sjå på om det er mogeleg og fjerne den gamle røyrkata. NVE meiner at den gamle røyrkata ikkje lenger har nokon funksjon og bør fjernast.

Vanylven kommune opplyser at området er sett av til LNF-område i gjeldande kommuneplan. Tiltaket vil reduserer inngrepsfrie naturområde sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) med ca. 0,145 km². NVE vurderer at reduksjonen av inngrepsfrie naturområde i dette tilfellet er beskjedne og i liten grad vil påverke allmenne interesser.

Gjennom høyringa er det ikkje kome fram innspel som talar imot tiltaket. Etter NVE si vurdering vil etablering av kraftverket som omsøkt ikkje vere til større ulempe eller skade for allmenne interesser.

NVEs vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, må tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at tiltaket vert sett i gong seinast innan fem år frå dato for vedtaket, jf. vassressurslova § 19. Det kan søkast om utsetting ein gong.

Med kraftverket i drift skal det til ei kvar tid sleppast forbi inntaket ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring oppgjeven til 23 l/s i meldinga. Dersom tilsiget er mindre enn fastsett minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Det er ein føresetnad for vedtaket at der skal etablerast eit arrangement for minstevassføring.

Vidare sakshandsaming

NVEs konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga av 22.02.2010 med tilleggsopplysningar av 11.11.2013 og 11.04.2014. Ved endringar i planane må ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med planar godkjent av NVE, inkludert planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat, jf. forskrift om el-sertifikat § 9, 2. ledd, bokstav a.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Tiltak som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova, skal byggast etter reglane i plan- og bygningslova. Kommunen skal først vurdere utbygginga i høve til gjeldande arealplan for området og fastsette om det må lagast ny reguleringsplan for området eller om det kan gjevast dispensasjon frå gjeldande arealplan. Tiltaket må så behandlast som

byggesak i kommunen. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for nødvendige avklaringar og for å få dei nødvendige løyva.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Tiltakshavar skal gjere ei vurdering av konsekvensar for brot på dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut skjema for klassifisering. Skjema for klassifisering og "Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg" (damsikkerheitsforskrifta) finnast på NVE sine heimesider; www.nve.no. Utfylt skjema med vedlegg skal sendast til NVE. Vedtak om klasse vert gjort i eige brev frå NVE. Vi minner om at dam og røyr i klasse 4, 3, 2 eller 1 må prosjekterast av NVE-godkjend rådgjevar og i samsvar med reglane i damsikkerheitsforskrifta. Arbeidet med tekniske planar bør ikkje startast opp før NVE har vurdert og gjort vedtak om konsekvensklasse.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørge for nødvendige avklaringar. Vi anbefalar at det vert teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan du også få på næraste tollstad.

Igangsetting av kraftverk skal meldast inn på skjema som finnast på www.nve.no/Rapportere-og-soke-til-NVE.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til parter (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef


Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg 2: 1. Kart som viser dei ulike delane av prosjektet
 2. Orientering til kommunen

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Vanylven kommune

Vedlegg 1: Kart som viser dei ulike delane av prosjektet.



Til kommunen

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine forventningar til kommunen si behandling etter plan- og bygningslova av kraftverk som ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova

NVE meiner at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8, høvet til allmenne interesser.

NVE si vurdering er basert på informasjon gjeve i meldeskjemaet for tiltaket, jf. vassressurslova § 18. NVE vurderer om vassdragstiltaket (jf. vassressurslova § 3) vil føre til nemneverdig ulempe for nokon allmenne interesser i vassdrag eller sjø. NVE si vurdering gjeld ikkje inngrep i grunn, bygging av veg eller konstruksjonar, inkludert røyrgate, som byggjast utanfor vassdrag eller sjø. I vedtaket er det gjeve kva for føresetnadar som er lagt til grunn for vår vurdering av kraftverket som ikkje konsesjonspliktig, så som høgaste og lågaste slukeevne, kotehøgde for inntak og kraftstasjon og storleik på minstevassføringa.

Vidare sakshandsaming etter plan- og bygningslova

NVE har berre heimel til å vurdere verknadene av vassdragstiltaket og kva for verknader det kan ha for allmenne interesser. Verknader av andre arealinngrep er ikkje vurdert av NVE. Dei kan òg føre til ulemper for allmenne interesser, slik som landskap, friluftsliv, biologisk mangfald eller naturtypar. Dette er høve som kommunen må vurdere i si handsaming etter plan- og bygningslova. Kommunen må òg sjå til at krava i naturmangfaldlova er oppfylt i si handsaming av saka. Vi gjør merksam på at kraftverk som leverar strøm til nettet i utgangspunktet ikkje fell inn under landbruksnæringa si generelle anledning til å bygge i LNFR-område.

Vedtaket om konsesjonsfritak er gjort på bakgrunn av planar som er sendt inn til NVE på meldeskjema og eventuelle forslag til endringar som er kome til i ettertid. I NVE sitt vedtak skal det kome fram kva for føresetnadar som er lagt til grunn. Eventuelle seinare endringar i slukeevne, minstevassføring og fysiske inngrep i vassstrengen gjer at tiltaket må vurderast på ny av NVE. Vi ber om at kommunen i si handsaming etter plan- og bygningslova ser til at tiltaket er i samsvar med dei planane som er blitt lagt fram for NVE og vurdert konsesjonsfritt. Ved avvik ber vi om at kommunen tek kontakt med NVE for å få ei avklaring om vidare sakshandsaming.

NVE sine tilrådingar

På grunnlag av vår erfaring med oppfølging av detaljerte planar og tilsyn ved bygging av kraftverk, vil vi tilrå kommunen å leggje vekt på følgjande ved vurdering av naturinngrep knytt til tiltaket:

- Kommunen må sjå til at det i dei tekniske planane er skildra ein inntakskonstruksjon som sikrar slipp av den minstevassføringa som er lagt til grunn i vedtaket frå NVE. Ut frå vår røynsle er den beste løysinga tapperøyr i nedre del av dammen, som dimensjonerast i høve til trykkehøgde, storleik på minstevassføring, røyrets gjennomføring i dammen og diameter på røyr.
- Røyrгатетraseen er som regel merka av som ein strek på plankartet. Vi gjer merksam på at røyrгатетraseen, saman med anleggsvegen, vanlegvis blir minst 10-20 meter brei. Verknader som fylgjer av denne er vanlegvis ikkje vurdert av NVE, då dette er arealinngrep som ligg utanfor vassdraget.
- Optimalisering av vassstrykk krev rette røyrtrasear, noko som avgrensar valfridommen for tilpassingar til terrenget. Dette kan gje store skjeringar og fyllingar, med utfordringar i høve til estetikk, stabilitet, erosjon og revegetering. Røyr kan krummast noko utan at det vil ha nokon verknad for optimaliseringa, men kva for krumningsradius eit røyr kan ha avheng av type røyr

og dimensjonane på røyra. Det er difor noko rom for tilpassing av røyrtraseen i høve til landskapet utan at det gjer prosjektet mindre lønnsamt.

- Det er ofte bruk for ei stor mengd massar til anlegga, både lausmassar til fundamentering av røyrtrasé og vegbygging og kanta steinmateriale til plastring av dammar lagd av lausmassar. Det bør vurderast om det er bruk for massar, og dersom det er planlagt bruk av stadeigne masser, bør lokaliseringa av masseuttaka klårleggjast og vurderast i høve til tilpassinga til landskapet.
- Forbigåande og permanente følgjer ved etablering av tilkomstveg til inntaksdammen og kraftverket bør vurderast.
- For alle konsesjonsfrie anlegg gjeld damsikkerheitsforskrifta. Sjølv om tiltaket ikkje er vurdert konsesjonspliktig av NVE, skal tiltakshavar vurdere moglege konsekvensar ved brot på dam og turbinrøyr. Denne vurderinga sendast inn til NVE saman med meldinga. Vedtak om konsekvensklasse blir sendt i eige brev frå NVE sitt damtilsyn til tiltakshavar, med kopi til kommunen, etter at tiltaket er vurdert å ikkje vere konsesjonspliktig. Dam og røyr i konsekvensklasse 4, 3, 2 eller 1 må prosjekterast av rådgjevar godkjend av NVE i samsvar med føresegna i damsikkerheitsforskrifta. Arbeid med tekniske planar bør ikkje startast opp før NVE har fatta vedtak om konsekvensklasse.

Nærare informasjon om kva for målemetodar som kan nyttast og kva for utforming anlegget må ha for å kunne rette seg etter kravet om minstevassføring, er å finne på NVE sine heimesider:

<http://www.nve.no/no/Sikkerhet-og-tilsyn1/Natur--og-miljotilsyn/Minstevannføring/>. Om kommunen har spørsmål til dette, kan dei ta kontakt med miljøtilsynet ved NVE sitt regionkontor.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sørge for naudsynte avklaringar i høve til nettilknytninga. Dei fleste kraftlinene for tilknytning byggjast innanfor lokal områdekonsesjon etter avtale med netteigar.

NVE si verksemd knytt til tilsyn

For konsesjonsfrie vassdragsanlegg har NVE sitt miljøtilsyn myndigheit til å føre tilsyn med at slepp av minstevassføring og slukeevne samsvarar med det som er lagt til grunn for vårt vedtak om at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig.

Damtilsynet i NVE fører tilsyn med dam og røyr i klasse 4, 3, 2 eller 1 etter reglane i damsikkerheitsforskrifta, sjå: <http://www.nve.no/no/Sikkerhet-og-tilsyn1/Damsikkerhet/Klassifisering1/>. Ved vedtak om klasse 0 for dam og røyr er kommunen tilsynsmynde.

Anna oppfølging av tiltaket ligg under kommunen sitt mynde etter plan- og bygningslova.